



Finansdepartementet

Postboks 8008 Dep,
0030 Oslo

Dato: 17.12.2019

Vår ref.: 2019000666-4/32

Saksbeh. e-post:
alo@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 127

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

NOU 2019: 16 - Skattlegging av vannkraftverk - Høringsuttale frå Forsand kommune

Kommunestyret - 095/19:

Det er gjort følgjande vedtak i saken:

Kraftskatteutvalet sine tilrådingar om avvikling av dei konsesjonsbaserte ordningane som konsesjonsavgifter og konsesjonskraft er eit brot med «Samfunnskontrakten» som har sikra utbygging av fornybar vannkraft i Norge gjennom 100 år. Utbyggingskonsesjonar etter Vassdragsreguleringslova blir gitt for evig tid – konsesjonsvilkåra følger same tidslinje og lengde. Dette med mindre det gjennom revisjonssaker etter 30 år, blir gjort endringar på konsesjonsvilkåra. I praksis fører ikkje slike revisjonar til endring av økonomiske vilkår, men det kan føre til at konsesjonær blir pålagt ulike tiltak som betrar naturmiljøet i vassdraget.


Forsand kommune vil på denne bakgrunn hevde at utvalet sine tilrådingar er lovstridige både sett hen til Vassdragsreguleringslova og til § 97 i Grunnlova.

Kraftskatteutvalet sine forslag ville fått dramatiske følgjer for forsandøkonomien. Sett i forhold til budsjett 2019 ville utvalet sine forslag om kraftig redusert eigedomskatt, bortfall av konsesjonsavgifter og konsesjonskraft, ført til eit samla tap på 50 mill. Dette betyr ¼ del av kommunen sine samla inntekter. Forsand sin økonomi ville ikkje lenger vore berekraftig.

Innretnig og skjerping av grunnrenteskatten til staten, fører til at utvalet ikkje svarer ut i forhold til mandatet.

På denne bakgrunn vil Forsand kommune be om at Kraftskatteutvalet sine tilrådingar blir avvist.»

For rådmannen

A handwritten signature in black ink, reading "Årstein Løland". The signature is written in a cursive style with a large initial "Å".

Årstein Løland
Næringssjef